



Meisingset Bondelag

- åra 1926-1963

Av Torolv Løset

Dette er andre bolken om dei laga som skulle føre fram til Tingvoll bondelag. I Hendt og hender i Tingvoll 2015 tok Torolv Løset for seg pionerane i «Hannemsbygdens Landbruksforening».

Meisingset Bondelag vart starta i ei anna tid, der lagsarbeidet vart meir konsentrert rundt gardsdrift og produksjon, og mindre av bygdakultur. Ungdomslag og idrettslag som i større grad tok seg av bygdakulturen, var no danna. Foreningane vart meir spesialiserte.

Kvinnene kjem no meir inn i organisasjonslivet. Det har vorte «stureint» etter at kvinnelig stemmerett var innført i 1913.

Helge Husby

OPPSTARTEN AV LAGET

Meisingset Bondelag var starta den 11. desember i 1926.

Det første styret var: Jens Hanem, Magnus Skeid, Trygve Rotås, Arne Bekken og Thore Aasprong.

Det går ikkje tydeleg fram av møteboka, men truleg var det **Magnus Skeid** (foto) som var første formannen. Området var vel som for Hannemsbygdens Landbruksforening, med unnatak av at grensa utover gjekk no til og med Bølset.



Det ser ut som laget frå første stund, ikkje var upolitisk. For i møteboka frå årsmøtet i 1927 står det under punkt 2: «Den fra forige år mottatte kassabeholdning kr. 57,30, der utelukkende er innsamlet til politiske øiemed, skal også benyttes til politiske formål».

«Kaffe, smørbrød og småbrød servertes 2 ganger - i mellom orgelmusikk og sang»



Kretssekretær i bondelaget, Peder Bergheim frå Surnadal, var ein mykje brukt foredrags-haldar på denne tida. Olga Bjonner var ein markant kvinneskikkelse som sette spor etter seg.



Fredagskvelden, 25. november i 1927 vart det halde ei retteleg makro fest. **Olga Bjonner** heldt festtalen, og i tillegg heldt stortingsmann Lars Romundstad frå Straumsneset, kretssekretær **Peder Bergheim** og Peder Husby kvar sitt foredrag.